


«Autumn Gold»-turistane::



- Urke konkurrerer ut Geiranger

Skyssbåten "Hjørundfjord" har fast oppdrag i to månadar framover i samband med hurtigrutebesøka. Her er passasjerar frå "Richard With" på veg til land.

Haustens første hurtigrute-turistar på Urke har konkludert: – Dette konkurrerer ut Geiranger. Det er mykje finare her.



Torbjørn Urke er bygdevert og fortel turistane kva dei bør sjå i bygda.

I morgontimane måndag kom hurtigruteskipet «Richard With» seglende inn Hjørundfjorden, som det første av til saman seksti anløp i haust.

Etter det vart klart at Urke skulle verte eit permanent innslag i konseptet «Autumn Gold», har bygdefolket lagt seg i selen for å ønske turistane velkomme på best mogleg måte. Kaihuset har vorte pynta opp med møblar og lys, det vart servert gratis vaflar, plommer og kaffi til dei besøkjande, bygda har fått ei rekke nye informasjonsskilt, og det har vorte trykt opp informasjonsbrosyrar. Som om ikkje det var nok, står lokalkjende bygdevertar klare til å svare på alle spørsmål turistane måtte ha om bygda.

Autumn Gold gir ny vår

Ruth Torvik frå Urke synest det er kjekt å sjå at bygda vaknar til liv att med optimisme og pågangsmot.

– Det er ei ære at turistane kjem hit. Eg er stolt av at dei vil sjå denne fagre Urkebygda. Ho er ei perle. Det er ikkje så mange att som bur her, men no fekk bygda ein ny giv.

Kaihuset har tidlegare vore som ei rottekå, men no har eldsjeler samla seg og laga fint til, seier Torvik. Ho hugsar den tida rutebåtane la til ved kaia på Urke, og folk møtte opp for å sjå kven som kom og reiste.

– Dette er akkurat slik det var i gamle dagar. Då samlast alle her. Nokre skulle pendle til arbeid og var vekk ei vike, og då stod damene att på kaia og vinka, minnast ho.

Samlar bygda

Lokalpatriot Torbjørn Urke stilte

måndag som bygdevert. Rusta med nylaga frakk med «Urke» på brystet og brosjyrar om bygda, gav han råd og informasjon til dei som tok turen i land. Han meiner hurtigrutesatsinga verkar samlande på innbyggjarane.

– Det er veldig oppmuntrande at prøveturane dei hadde i fjor virka så godt at dei no har utvida tilboden. Det samlar bygda til innsats på alle plan, og det er kjekt at alle stiller opp. Det er ein vitamin for alle som bur her eller kjem frå Urke, seier han.

Ringverknader

Hurtigruteskipa legg også att meir enn berre røyk i Hjørundfjorden. Dagleg leiar for næringskontoret, Odd Magne Vinjevoll, seier ringverknadene er besøka er monalege. Bussar, turistgaidar, kaiavgift, skyssbåt til og frå skipet og mat på Øye genererte i fjor kring 600.000 kroner på 11 anløp.

– I år er det seksti anløp, så då er det berre å gonge opp, seier Vinjevoll.

I tillegg kjem dei indirekte inntektene, som kundar i lokalbutik-



Passasjerane fann fram fotoapparatet med det same dei kom i land.

Dale
VINDU & INTERIØR
DALEVINDU.NO 670 07 44 99
Vi projekterer leverer og monterar

Vi har
300
vindu
på lager i Ørstal!